

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 05.10.2016**

### **Røysting**

Innstillinga fekk 38 røyster (A, KrF, Sp, SV, R, V, MDG) og vart vedteken.

### **Vedtak**

1. Av tilrådingane frå moglegheitsstudiet på Hjeltnes vil Hordaland fylkeskommune prioritera produksjonsskule.
2. Produksjonsskule på Hjeltnes skal byggja på prosjektskissa "Produksjonsskule som tiltak mot utanforskap og fråfall i vidaregåande opplæring".
3. Det vert lagt til grunn ein prosjektperiode på fire år.
4. Det er ein føresetnad for oppstart at prosjektet får status som nasjonalt pilotprosjekt og får statleg tilskot på 9 mill. kroner eller meir per år i prosjektperioden. Hordaland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag vert i så fall om lag 5 mill. kroner årleg til drift. Oppstart av produksjonsskule føreset mindre investeringar i verkstader og bygg.
5. For å få på plass kvalitetssikra kunnskap om vilkår for produksjonsskuleverksemda og korleis produksjonsskule fungerer som tiltak mot fråfall og utanforskap, skal Rokkan-senteret gjennomføra ei brei kvalitativ og kvantitativ undersøking av moglegheiter og hindringar for produksjonsskular som tiltak både i sentrale strøk og i distrikta.
6. Dersom ein ikkje får innvilga søknad om støtte frå departementet, skal saka tilbake til politisk handsaming.